

SAK 62/16 HALLINGDAL BARNEVERN

Saksopplysning

Regionrådet for Hallingdal gjorde i sak 29/16 slikt vedtak:

Barnevern

Vedtak

1. Rådmannen i Ål, Tone Tveito Eidnes og ordfører i Nes, Tore Haraldset, i samarbeid med Hallingdal barnevernteneste, ser nærare på løysingar med bruk av familieråd .
2. Rådmannen i Ål førebur ei sak til regionrådsmøte 30.9.2016 med gjennomgang Hallingdal barnevernteneste og vurdering av familieråd.

Som bakgrunn for saka:

Då felles barnevern for Hallingdal vart vedteke innført frå januar 2011, låg det inne at tenesta skulle evaluerast etter 2 år, våren 2013. Tenesta kom ikkje i full drift før i løpet av 2012 og evalueringa vart gjennomført våren 2015. Ål kommunestyre handsama i sak 71/15 rapporten frå PWC: Evaluering av Hallingdal barnevernteneste. Rapporten konkluderte med ein del forbettringspotensiale.

Kontrollutvalet bad om ein forvaltningsrevisjonsrapport om barnevernet i Hallingdal. Dette vart gjennomført av Kommunerevisjonen og rapporten låg føre i april 2016. Med dette som utgangspunkt er det laga ei saksutkast, vedlegg 1 (Ål kommune), som er sendt dei andre kommunane, som omhandlar oppfølging av dei to rapportane.

Vedlegg 2 er notat frå Hallingdal barnevernteneste i forhold til oppfølging av tidlegare vedtak og rapportar.

Rådmannen i Ål, Tone Tveito Eidnes og ordfører i Nes, Tore Haraldset skal på konferanse om familieråd i Kongsberg 8.12, og som vil bli følgd opp med barneverntenesta i Kongsberg etter jul.

Hallingdal 19.11.2016

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

- Vedlegg 1: Saksutkast (Ål kommune) 1.11.2016, oppfølging av evalueringsrapport Hallingdal Barnevernteneste
- Vedlegg 2: Notat frå Hallingdal barnevernteneste i forhold til oppfølging av tidlegare vedtak og rapportar.
- Vedlegg 3: [Artikkel om barnvernet i Kongsber \(FOTENE, 27.10.2016\)](#)



Ål kommune

Arkivsak-dok. 16/02118-2
Saksbehandler Tone Tveito Eidnes

Saksgang
Formannskapet

OPPFYLGING AV EVALUERINGSRAPPORT - HALLINGDAL BARNEVERNTENESTE

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Notat frå Hallingdal barnevernteneste: oppfølging av evalueringsrapport.

Dokument i saka:

Evaluering av Hallingdal barnevernteneste – PWC
Forvaltningsrevisjonsrapport frå Kommunerevisjonen IKS – Den interkommunale barneverntjenesten i Hallingdal

Saksopplysningar:

Då felles barnevern for Hallingdal vart vedteke innført frå januar 2011, låg det inne at tenesta skulle evaluerast etter 2 år, våren 2013. Tenesta kom ikkje i full drift før i løpet av 2012 og evalueringa vart fyrst gjennomført våren 2015. Kommunestyret behandla i sak 71/15 rapporten frå PWC: Evaluering av Hallingdal barnevernteneste. Rapporten konkluderte med ein del forbettringspotensiale.

Kontrollutvalet bad om ein forvaltningsrevisjonsrapport om barnevernet i Hallingdal. Dette vart gjennomført av Kommunerevisjonen og rapporten låg føre i april 2016.

Denne saka omhandlar barnevernet si oppfølging av dei to rapportane.

Det vert vist til vedlagde notat som er utarbeidd av leiar av Hallingdal barnevernteneste.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert.

Miljøkonsekvenser:

Mange av tiltaka som no er gjennomført har hatt positiv effekt på arbeidsmiljøet.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Den drastiske reduksjonen i sjukefråværet har store positive konsekvensar både for personalet og for gjennomføring av tenesta.

Økonomiske konsekvensar:

Mange av dei tiltaka som er sett i verk har direkte positive økonomiske konsekvensar – mellom anna:

- Bruken av konsulent er redusert
- Bruk av KS sine satsar i samband med godtgjering til fosterforeldre
- Dei tilsette er bevisste på kostnadskonsekvensar av ulike tiltak
- Dei tilsette tenkjer innovativt i forhold til å finne andre alternativ til tradisjonelle barnevernstiltak, spesielt i forhold til tiltak utanfor heimen

Vurdering:

Evalueringsrapporten frå PWC og forvaltningsrapporten frå Kommunerevisjonen har begge ført til at tenesta har gått gjennom drift og organisering på ein grundig måte. Som det går fram av notatet til barnevernleiar, er mange gode tiltak iverksette. Spesielt vil eg peike på arbeidet med sjukefråværet som no er drastisk redusert. Det verkar positivt på heile tenesta og på gjennomføring av dei oppgåvene tenesta er pålagt.

Barneverntenesta er ei omfattande teneste som er strengt regulert av lover og forskrifter. I tillegg er det viktig at tenesta utviser eit vel gjennomtenkt skjøn. Det arbeidet som har pågått det siste året har vore positivt på alle område. Det er viktig at tenesta vidarefører dette arbeidet som ein kontinuerleg prosess.

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret tek saka om oppfølging og utvikling av den interkommunale barneverntenesta i Hallingdal til orientering.

Ål, 01.11.2016

Tone Tveito Eidnes
rådmann

SAK KOMMUNESTYRER – OPPFØLGING AV TIDLEGARE VEDTAK OG RAPPORTAR

I løpet av 2015 og 2016 har det vore fleire eksterne instansar inne for å sjå på drifta av Hallingdal barnevernteneste.

Desse er:

- PWC: Ved samanslåing av barnevernet i Hallingdal til interkommunal teneste vart det bestemt å ha ei større evaluering når tenesta hadde vore i drift ein periode. Konsulentfirmaet PWC vann anbudsrunder og fekk oppdraget (sjå eigen rapport). Arbeidet vart ferdigstilt våren 2015.
- Kommunerevisjon IKS for Hallingdal og Valdres hadde ein gjennomgang av barneverntenesta og arbeidet vart ferdig våren 2016 (sjå eigen rapport).
- November 2015 vart prosjektet «Tett på» starta som eit ledd i å forebyggje og få ned det høge sjukefråværet som har vore i tenesta over fleire år. HAVA BHT hadde mellom anna ein kartleggingsrunde med heile personalgruppa og har som ein del av prosjektet utarbeidd ein rapport med forslag til punkt ein skulle jobbe vidare med (sjå eigen rapport).

I desember 2015 vart det gjort likelydande vedtak i alle kommunestyra i Hallingdal med fleire punkt med forslag til forbetring og utvikling av tenesta.

Kommentarar til kommunestyra sine vedtak ved handsaming av PWC-rapporten:

- **Tilsetting av jurist.** Under føresetnad av at det blir rekruttert ein erfaren jurist med praksis frå barnevernet, vil dette minske bruken av ekstern juridisk kompetanse, og vil vere til hjelp for saksbehandlarane undervegs i ei saksutgreiing.

Det vart forsøkt å tilsette eigen jurist gjennom utlysning. Etter to utlysningsrunder hadde vi ingen søkjarar.

Det vart gjort avtale med advokat Bergersens kontor på Gol om at barneverntenesta leiger advokat Susanna Aschehoug fast ein dag pr veke, der ho har kontordag hos barneverntjenesta på Ål.

Dette har vore iverksett sidan januar 2016, og skal evalueras etter eitt år.

- **Aktivt arbeide med sjukefråværet.** Arbeidet i barnevernet er belastande, den enkelte medarbeidar må ha god oppfølging.

Det har vore stort fokus på å få ned det høge sjukefråværet som har vore i tenesta over fleire år. Dette har vi lukkast med, noko fråværsprosenten no viser.

I november 2016 vart prosjektet «Tett på» starta opp, eit samarbeid mellom personalkontoret i Ål kommune, HAVA BHT og barnevernet.

Fleire tiltak vart iverksett som ein del av prosjektet, med fokus på ivaretaking og oppfølging av de tilsette.

I tillegg har det vore fokus på:

- Kompetanseheving i oppfølging av sjukefråvær
- Auka fokus i tenesta
- Klargjering av ansvarsforhold og kven som har ansvar for kva i oppfølging og førebygging av sjukefråvær – utarbeiding av rutinar

Sjukefråværet var i 2015 på 17,9%, og ein var i løpet av året oppe i nærare 25% på det meste.

Pr 30.09.2016 var sjukefråværet på 9,3%, og pr i dag ligg vi på 5,81%.

- **Styrke den enkelte sin kompetanse slik at dei meistrar og er trygge i forhold til dei kompliserte og komplekse arbeidsoppgåvene i barnevernet.**
 - ✓ Rettleiing til alle tilsette 1 gong pr måned frå ekstern rettleiar, med fokus på fagleg og personleg ivaretaking og vekst.
 - ✓ Klargjering av rutineane rundt beslutningsprosessane i barnevernet, for å skape trygge rammer for dei tilsette slik at alle veit kva som er deira ansvarsområde og kven som har ansvar for kva
 - ✓ Det er laga plan og utarbeidd rutinar for nytilsette som gjer at opplæring og oppfølging av nytilsette er sett i system
 - ✓ Intern opplæring iverksett. Advokat har fagdag juss ein halv dag 1 gong pr måned for å heve jusskompetansen i tenesta. Refleksjonsgruppe kvar tysdag morgon der ulike tema og dilemma vert sett på dagsorden. Opplæring i COS (Circle of Security) for alle tilsette ved bruk av intern kompetanse. I tillegg er fleire tilsette i gang med utdanning og kompetanseheving.
 - ✓ Større verdiprosess er igangsett haust 2016. Denne skal føregå eit år fram i tid der fokus vert sett på verdigrunnlag og arbeidsprosessar i tenesta. Dette vil vere ein større prosess som involverer alle tilsette, og som skal gjera oss til ein meir robust og heilskapleg teneste.
- **Redusere bruken av konsulent. Dette må balanserast opp mot fristoverskridingar.**

Barneverntenesta brukar i dag ikkje eksterne konsulentar. Det har vore noko bruk av dei som har vore faste konsulentar i starten av året for å avslutte saker dei allereie har følgt opp. I tillegg har det vore brukt ekstern konsulent i ei ankesak i rettssystemet der same konsulent har hatt saka over lang tid tidligare. Det vart

vurdert som ressursbesparande å nytte ho i rettsbehandling framfor å bruke ressursar på opplæring av ein ny saksbehandlar.

- **Sette fokus på samarbeid mellom barnevernet og det øvrige hjelpeapparatet i kommunane.**

Barnevernleiar har siste året delteke i eit studie på høgskulen i Vestfold saman med 8 andre leiarar i Ål og Hol kommune. Studiet heiter «Samhandlande leiarskap for utsette barn og familiar» og har fokus på samhandling mellom dei ulike instansane. Barnevernet prioriterer i større grad deltaking på tverrfaglege møte i alle 6 kommunane.

For å kunne få til ei større deltaking på tverrfaglege møte, forutset det at også kommunane må organisere dette på ein måte som gjer det mogleg å gjennomføre dette. Dette har vore tema på alle overordna tverrfaglege møte i alle kommunar, og barnevernet skal no delta på tverrfaglege møte i kvar kommune to gonger pr år. Det er gjort avtale om ytterlegare deltaking ved særskilt invitasjon ut over det.

Det er eit auka samarbeid med andre instansar både på saksnivå og leiarnivå.

- **I samarbeid med oppvekstsektora og helse- og omsorgssektorane i kommunane, leggje vekt på tidleg innsats i forhold til barn i risikosona.**
- **Bevisstgjere alle tilsette i barnevernet på kostnadskonsekvensar av ulike tiltak.**

Det har vore stort fokus på bevisstgjerjing på økonomi dei siste to åra. Dette viser no resultat i form av at ein er meir bevisst på kostnader ved ulike tiltak. Elles er vi i stor grad prisgitt at det er andre (eks Bufetat) som set prislappen på dei tiltaka som vert iverksett.

I juni 2015 vart det vedteke felles retningsliner for kostnadsnivå på ulike tiltak i samarbeid mellom fylkesmannen og alle barnevernleiarar i Buskerud.

- **Strengare vurdering ved fastsetting av KS satsar i samband med godtgjeringar til fosterforeldre.**

Felles retningsliner for alle barneverntenester i Buskerud, vedteke i forum med fylkesmannen og alle barnevernleiarar juni 2015.

- **Tenkje innovativt i forhold til å finna andre alternativ til tradisjonelle barnevernstiltak, spesielt i forhold til barnevernstiltak utanfor heimen.**

Det skal opprettast ei gruppe som består av representant frå Gol kommune, Krisesenter og barnevern for å sjå om det er mogleg å vidareutvikle Krisesentertilbodet med tanke på å få til eit akutttilbod i Hallingdal. Rådmann i Gol har teke initiativ til dette. Her må ein få til eit samarbeid med Bufetat då det er dei som sit med ansvaret for akuttplassane i vår region i dag.

Regionrådet har sett ned ei gruppe der ordførar i Nes kommune, rådmann i Ål kommune og barneverntenesta skal sjå på ytterlegare bruk av Familieråd som eit tiltak i alvorlege saker. Det er etablert eit samarbeid med barneverntenesta i Kongsberg kommune, der ein skal ha ei erfaringsutveksling på bruk av dette tiltaket og sjå på høve til å utvikle og nytte dette tiltaket ytterlegare.

- **Orienterer rådmannen i aktuell kommune ved særleg kostnadskrevjande tiltak.**

Barnevernet sender ut økonomirapport kvart kvartal. Denne er utfyllande også med ein verbal del som forklarar den økonomiske utviklinga. Økonomirapporten inneheldt også opplysningar om økonomisk utvikling kommunevis.

I tillegg er det dialog med enkeltkommunar i saker som krev ekstra mykje ressursar.

Hallingdal har ei akuttvakt utanom ordinær arbeidstid. Det er berre naudetatane som har telefonnummeret til vakta. Dette er legevakt, politi, ambulanse og Krisesenter. Det er for at dei skal kunne tilkalle barnevernet/ vakta i saker dei kjem opp i der barn er involvert. Det har vore mindre pågang og tilmelding til akuttvakta til barnevernet i 2016, sett i forhold til dei to føregåande åra.

Parallelt med dette ser ein at antal akuttplasseringar har gått ned.

2014: 17 akuttplasseringar

2015: 13 akuttplasseringar

2016: 4 akuttplasseringar (hittil i år)

PWC-rapporten:

Større evaluering som vart gjennomført av PWC i løpet av 2015 hadde fleire forslag til forbetningsområde.

Sitat frå rapporten:

«Fokus på økonomi og ressursituasjonen bør ikke gå på bekostning av kvalitet sett ut ifra et barnevernfaglig perspektiv. Et godt barnevern er et barnevern som gir riktig hjelp til de foreldrene og barna som trenger hjelp.»

I det følgjande vert forslag til forbetningsområde kommentert til høgre i tabellen.

Anbefalte forbetningsområder:	Tiltak	Kommentar frå barnevernet
Forbedre tilliten	I en begrenset periode foreslås det å informere enkeltkommuner når det fattes kostnadsdrivende tiltak	Vert pr i dag gjort ved detaljert økonomirapport kvartalsvis, også med kommunevis fordelig og verbal forklaring. I tillegg dialog med enkeltkommunar i enkelte høve.

Forbedre tilliten	Evaluere akutt plasseringer	Har vore fokus på dette over tid. Vi har hatt eigen fagdag saman med to advokater med fokus på akuttparagrafane i barnevernlova og eigen praksis. Omfattande verdiprosess iverksett haust 2016 vil m.a. ta for seg vår verdipraksis og arbeidsprosesser.
Forbedre omdømme	Markedsføre positive tiltak	Kunne vore betre på å bruke media meir for å få fram positive tiltak. Barnevernet har i dag god dialog med Hallingdølen og forsøker å delta i den offentlege debatten når barnevernet er på dagsorden. Til no har det nok vore meir spalteplass når det er negativt fokus, og ikkje så lett å få spalteplass på positive oppslag. Dei tverrfaglege gruppene i kvar kommune er bra fora for å informere om positive tiltak som vert iverksett. Til dømes «Kjør for livet».
Bedre samarbeidet og bedre arbeidshverdag	Kjøp av videokonferanse utstyr	Det har til no ikkje vore rom i budsjettet for ei slik investering. Leiger utstyr på Torpomoen ved behov.
Bedre samarbeidet	Informasjonsflyt rettet mot samarbeidspartnerne	Meir deltaking i ulike grupper og møte i kommunane. Tek initiativ til felles fagdagar der andre instansar vert invitert med. Deltaking i dei tverrfaglege møta er ein viktig kanal for å få fram informasjon.
Riktig terskel	Strengere vurdering ved fastsettelse av KS satser i forbindelse med godtgjøringer til fosterforeldre	Juni 2015 vart det vedteke felles retningslinjer for barnevernet i alle kommunar i Buskerud. Desse vert no nytta også i Hallingdal.
Riktig terskel	Vurdere alle økonomiske hjelpetiltak	Større fokus på kvar den økonomiske utgifta skal ligge. Om barnevernet er rett instans eller om det er NAV, helse eller andre som skal bære kostnaden.
Tidlig innsats	Igangsette årskonferansar	Dette vert gjort i dag. Barnevernet arrangerer fagdagar/ konferansar der andre samarbeidspartar vert invitert med. Neste felles fagdag for alle instansar i alle kommunar er planlagt januar 2017 med tema psykiske lidelser blant barn og unge.
Redusere kostnader	Få ned sykefraværet	Stort fokus på dette over tid har vist svært god utvikling.

Redusere kostnader	Reduksjon av konsulenttenester til saksbehandling	Eksterne konsulentar vert ikkje nytta lenger.
Redusere kostnader	Ansette egen jurist	Det har vore utlyst stilling som advokat i barnevernet to gonger utan å lykkast å få tilsett. Det er no inngått avtale mellom Hallingdal barnevernteneste og Advokatkontoret Bergersen på Gol om leige av fast advokat ein dag pr veke. Dette vart igangsett januar 2016.
Mer effektiv drift	Redusere detaljeringsgrad i dokumentasjon og rapportering	Noko vi har fokus på, men framleis må bli enda betre på. Utfordringa er det store dokumentasjonskravet barnevernet har, men «kva er godt nok?» «Godt nok for kven?» Enkelte familiar og advokatar meiner vi bør dokumentere meir. Dette er ein balansegang vi framleis må ha fokus på framover.
Mer effektiv drift	Bruk av IKT verktøy	Det er gjort avtale med Visma og kjøpt inn mobilt barnevern, eit IKT-verktøy som gjer det mogeleg å drive sakshandsaming også utanfor kontoret. Spesielt nyttig for dei som følgjer opp barn og familiar andre stader i landet, og gjev høve til å arbeide også under reise og i møte/besøk andre stader. Dette er teke i bruk haust 2016.

Barnevernet er ei teneste som er i stadig endring og utvikling og det er eit omfattande fagområde. Det kjem nytt lovverk, nye rundskriv og retningsliner, nye satsingsområder, nye føringar frå staten m.m. Dette gjer at ein heile tida må ha fokus på omstilling og utvikling av tenesta.

Heilt sidan oppstart av interkommunal barnevernteneste har det vore høgt sjukefråvær, spesielt på leiarnivå. Det har over tid vore mykje fokus på å skape stabilitet og bygge opp ei kompetent og sterk leiargruppe. Dette er avgjerande for å få ei robust teneste som kan gje god hjelp og gode tenester til innbyggjarane i Hallingdal.